



Fjordvarme

Referansebygg Moengården Vest

Bygget

Kjøpesenteret Moengården Vest vart opna 14. sept. 2005 og utgjer saman med Moengården Aust det største kjøpesenteret i Nordfjord. Her finn vi ei rekke butikkar innan dei fleste bransjar.

Bygget er oppført med betongkonstruksjon, hulldekke og murveggar med utvendig forblending.

Oppvarming og kjøling vert utført gjennom ventilasjonssystemet.

Dette er utført

I dette kjøpesenteret er det tenkt både økonomi og miljø frå første stund. Valet av varme- og kjølekjelde fall då naturleg på Fjordvarme. Bygget er konstruert med dette for auget heilt frå byrjinga.

Plassering av varmekjelder i butikkar er alltid ei utfordring. Derfor vart det installert eit luftbore system for oppvarming og kjøling. Så langt har dette vist seg å vere eit gunstig val.

Med utstrekkt bruk av lys som avgir til dels store mengder varme, er behov for kjøleeffekt like viktig som oppvarming i forretningsbygg. Moengården Vest får stetta kjølebehovet sitt mest utan ekstra kostnader ved å bruke frikjøling frå Fjordvarme-systemet.

Moengården Vest har sentral driftskontroll som kan fjernstyrast, delvis saman med Moengården Aust.




Moengården på Nordfjordeid er det største kjøpesenteret i Nordfjord



Erfaringar

Så langt er erfaringane med oppvarming og kjøling frå Fjordvarme svært gode. Den miljømessige sida er også ivaretatt. Tilgangen på rimeleg varme og kjøling gir kjøpesenteret eit *betydeleg* økonomisk fortrinn.

I tillegg er inneklimatet svært behageleg. Både tilsette og kundar set stor pris på dette. To av butikkane har hatt større kjølebehov enn det ventilasjonsanlegget kan levere. Her vert det ettermontert frittstående kjølarar for å halde temperaturen nede. Elles har kjøleanlegget ikkje problem med å halde den ynskte temperaturen. Mindre avbrot i innkøyringsperioden til Fjordvarme har ikkje ført til problem for Moengården Vest.



Ivar Moen er ein av eigarane til Moengården Vest.
Foto: Fjordbladet

Faktarute

Oppvarma areal:	4.800 m ²
Energi utan Fjordvarme*:	960.000 kWh
Energi med Fjordvarme:	550.000 kWh
Årleg innsparing drift:	410.000 kWh
Kostnadsreduksjon el**:	410.000 kr
Driftsgebyr Fjordvarme:	69.000 kr
Årleg innsparing drift:	341.000 kr

* Energibehovet er rekna ut frå normal på 200 kWh/m²

**Elprisen er sett til kr 1,00 pr. kWh.

Kontaktperson:

Ivar Moen ivar@moengarden.no